



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

10.08.2023

Vår ref:

2023/9981

Dykkar dato:

Dykkar ref:

200806622

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad om utsett byggjefrist for Kråkeelvi kraftverk i Høyanger kommune

Statsforvaltaren ber NVE vurdere konsekvensutgreiinga for terrestrisk naturmiljø opp mot dagens rettleiar/metodikkkrav.

Vi viser til høyringa av søknad om utsett byggjefrist for Kråkeelvi kraftverk.

NVE ønskjer tilbakemelding dersom det har oppstått nye høve som kan ha noko å seie for konsesjonen sidan saken blei handsama i 2017. Statsforvaltaren er særleg bedt om å vurdere om kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg etter naturmangfaldlova § 8, eller om det er behov for ytterlegare utgreiingar.

Vår vurdering

I konsesjonshøyringa spelte vi inn at naturmangfaldkartlegginga var mangelfull. Det blei lagt til grunn generell kunnskap, og vesentlege delar av tiltaksstrekninga var utelate og blei vurdert ut frå ei undersøking tilbake til 2004. Vi meinte at den registrerte fossesprøytsone kvalifiserte til naturtypelokalitet med minst lokal verdi (C). I konsesjonsvedtaket la NVE til grunn at kunnskapsgrunnlaget var tilstrekkeleg, og at avbøtande minstevasføring ville sikre livsgrunnlag for fuktkrevjande artar i lokaliteten.

Det bør vurderast nærare om konsekvensvurderinga held mål etter dagens standard, etter revisjonar av rettleiar/metodikkkrav. Vi konstaterer at det er stilt krav om ny kartlegging etter oppdatert metodikk for å kunne handsame søknad om utsett frist for andre småkraftutbyggingar med naturkartleggingane etter metodikk frå før 2009.

Med helsing

Silje Elvatun Sikveland
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Høyanger kommune

Postboks 7900

Postboks 159

5020

6991

BERGEN

HØYANGER